

# RUTINE FOR TILDELING AV TILSKOT TIL TILTAK FOR Å STYRKA DEN NORSKSPRÅKLEGE UTVIKLINGA FOR MINORITETSSPRÅKLEGE BARN I BARNEHAGE

Stord kommune får kvart år statstilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage når kriteria for dette er nådd.

Ordninga er forankra i fylgjande dokument:

- [0-24-samarbeidet mellom direktorata](#), for tiltak til barn og unge mellom 0-24 år som av ulike årsaker har behov for ekstra støtte for å betra gjennomføring og tilknyting til skule og utdanning.
- [Retningslinjer for tilskudd til tiltak for å styrke den norskspråklige utviklingen for minoritetsspråklige barn i barnehage](#) - utarbeida av kunnskapsdirektoratet

## Definisjonar:

- Minoritetsspråklege barn
  - Barn med ein annan språkbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.
  - Begge foreldra/føresette til barnet må også ha eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk.
- Norskspråkleg utvikling
  - Tiltak som bygger opp barnas omgrepssforståing og ordforråd i norsk

## Formål

- Bidra til at kommunen kan utforma tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage.
- Tilskotet skal nyttast til tiltak direkte retta mot dei aktuelle barna, men det følgjer ikkje enkeltbarn.

## Kriterium

Kommunen får tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage basert på tal minoritetsspråklege barn i ordinære barnehagar, som kjem fram av årsmelding for barnehagar per 15. desember året før tilskotsåret. Familiebarnehagar er ikkje definert som ordinær barnehage.

Kommunen må oppfylla to kriterium samtidig for å ha krav på tilskot:

- Kriterium 1 er at delen av minoritetsspråklege barn i barnehage må vera minst 10 prosent.
- Kriterium 2 er at talet på minoritetsspråklege barn i barnehage må vera 50 eller meir.

Kommunen skal sikra at tiltak finansiert av dette tilskotet er i samsvar med formålet. Dette vert gjort på følgjande måte:

- Barnehagemynde i kommunen fordeler tilskotet i tråd med tal minoritetsspråklege barn i ordinære barnehagar, som kjem fram av årsmelding for barnehagar per 15. desember året før tilskotsåret.
- Barnehagar som får slikt tilskot, må rapportera om bruken av det.

### **Målgruppe**

- Minoritetsspråklege barn i barnehage
- Døve eller sterkt høyselshemma barn når barnehagen har tilsett ein tospråkleg assistent som beherskar teiknspråk

### **Døme tiltak**

- Tilsetting av ekstra personale som har i oppgåve å særleg stimulera den norskspråklege utviklinga
- Kjøp og bruk av pedagogisk materiell til bruk i språkarbeidet

Om barnehagen ikkje har nytta tilskotet i tråd med formål/vilkår, kan kommunen krevja tilskotet tilbakebetalt tilbake.

### **Gangen i sakshandsaminga**

- Kommunen får i **mars** tilskotsbrev frå Utdanningsdirektoratet om tilskot til tiltak for å styrka den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage
- Kommunen, ved fagavdeling oppvekst og kultur, sender i **april** informasjon til ordinære barnehagar om utbetaling av tilskot til tiltak for å styrka den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage i tråd med kriterium i denne rutina.
- Tilskotet vert utbetalt barnehagane i **april/mai**.
- Barnehagane rapporterer om bruk av tildelte midlar, på elektronisk skjema på kommunen si nettside, innan **31. desember**.